



ÅRSPLAN FOR BARNEHAGANE I VESTRE SLIDRE KOMMUNE 2025-2026

Velkomen til barnehagane i Vestre Slidre.....	3
Generell informasjon.....	5
- Opningstider:.....	5
- Mat:.....	5
- Soving:	5
- Turdagar:	5
- Besøksdagar:.....	5
- Bursdagar:.....	5
- Skuleklubben:.....	5
- Juleførebuingar:	5
- Sommarfest:.....	6
- Sikkerheitsrutinar:	6
- Trafikksikkerheit:.....	6
- Visma flyt barnehage:.....	6
- Brannøving:	6
- FHI-veileder:	6
- Visuell sjekk av uteområdet:	6
- Rutine på tur:	6
Informasjonsrutinar:.....	6
Foreldreråd	7
Tilvenning i barnehagen	7
Vennskap og fellesskap	7
Barns medverknad	7
Omsorg, leik, læring og danning.	7
Overgangar	8
Livsmeistring og helse	8
Samarbeidande instansar.....	8
Satsingsområde barnehageåret 2025 – 2026 Foreldresamarbeid – trygge og tydelege vaksne	9
Utviklingsarbeid i barnehagane	10

Velkommen til barnehagane i Vestre Slidre

Velkomne til eit nytt barnehageår, og spesielt velkommen til alle nye barn og foreldre! Vi i personalet ser fram til eit aktivt og innhaldsrikt år i lag med barna dykkar, der glede, latter, leik og fellesskap står i sentrum kvar dag.

Jamfør Rammeplanen skal barnehagane utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Denne planen skal godkjennast av samarbeidsutvalet (SU).

Årsplanen skal sikre kvaliteten på tilbodet og utviklinga av barnehagen som ein lærande organisasjon. Den skal også gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid, og gje foreldre høve til å påverke barnas kvardag. Eit nært og ope samarbeid mellom barnehagen og foreldre er ein grunnleggjande føresetnad for barnets trivsel og utvikling, og saman har vi eit felles ansvar for at alle barn har ein kvardag prega av trivsel, glede og utvikling.

I barnehagane i Vestre Slidre jobbar vi ut i frå eit heilskapleg syn på barn. Dette betyr at det einskilte barns utvikling blir sett som eit dynamisk og gjensidig samspel mellom barnets føresetnader og det miljøet som dei er ein del av. Vi ynskjer å tilby alle barn eit trygt, variert og utfordrande læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Alle barn skal få kjenne seg som ein likeverdig del av barnehagens fellesskap, og bli møtt og anerkjent som den dei er. Slik kan dei utvikle trygghet på seg sjølv og på eigen identitet.

Kontaktinformasjon:

Røn Naturbarnehage.

3 avdelingar, 60 plassar.

Styrar: Gunn Britt Haugrud, 976 02 876

E-post: Gunn.Britt.Haugrud@vestre-slidre.kommune.no

Nøtteliten: 904 05 300

Marihøna: 904 06 650

Gaupa: 948 74 620



Slidre Kulturbarnhage, Bygg A

3 avdelingar, 54 plassar

Styrar: Kristin Bråten Tvenge, 948 03 824

E-post: Kristin.Braten.Tvenge@vestre-slidre.kommune.no

Harestua: 468 86 130

Revehiet: 468 66 540

Bamsebo: 468 49 640



Slidre Kulturbarnhage, Bygg B

2 avdelingar, 36 plassar

Assisterande styrar: Karin Årnes Midthus, 90264433

E-post: karin.arnes.midthus@vestre-slidre.kommune.no

Bikuba: 90276996

Maurtua: 90274537



Generell informasjon

- **Opningstider:**

Barnehagane opnar kl. 07:15.

Barna skal være komne til barnehagen innan kl. 09:15, om vi ikkje har fått annan beskjed. Kjernetida er frå 09:15 – 14:00, då startar vi med pedagogisk opplegg/turar i og utanfor barnehagen. Kjem barnet etter kl. 09:15, lyt barnet følgjast av foreldra dit barnegruppa er.

Barnehagen stenger kl. 16:45.

- **Mat:**

Dei som ynskjer å ete frukost i barnehagen kan ha med seg dette fram til kl. 08:30. Dei som kjem etter dette har ete heime. Barnehagen serverar måltid to gonger pr dag, jamfør helsedirektoratets anbefalingar.

- **Soving:**

Barna søv i eigen vogn ute. Ein eigen sovevakt har ansvar for å følgje med på dei som søv.

- **Turdagar:**

Vi er glade i å gå på tur, og tek stadig småturar rundt om i nærmiljøet.

- **Besøksdagar:**

Eigen invitasjon kjem i Visma Flyt Barnehage.

- **Bursdagar:**

Når eit barn har bursdag skal han/ho få være midtpunktet i barnegruppa. Vi flaggar i barnehagen, lagar bursdagskrone, syng bursdagssong, og skyt opp «rakettar». Bursdagsbarnet er i fokus denne dagen.

- **Skuleklubben:**

Vi fyljer årshjulet som er utarbeidd av barnehagane og skulen, denne får føresette til skulestartarane kjennskap til. Føresette har ei eiga gruppe på Visma Flyt Barnehage der relevant informasjon blir gjeve. I løpet av året er det fleire felles treffpunkt for denne gruppa på tvers av barnehagane.

- **Juleførebuingar:**

Jamfør formålsparagrafen i barnehagelova;

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.» Desse tradisjonane ivaretek vi gjennom adventssamling, juleverkstad, julebakst og anna

førjulskos. Skuleklubben går luciatog, og foreldra deira blir invitert. Vi arrangerer også eit julebord for alle barna, der dei kan kome i finstasen den dagen og nyte god mat. I tillegg har vi ein nissefest der vi kler oss i raude klede (for dei som ynskjer det) og et julegraut.

- **Sommarfest:**

I juni arrangerer føresette til skulestartarane sommarfest for heile barnehagen. Dette er ei markering av at vi snart er ferdige med barnehageåret, og at dei eldste barna snart skal slutte i barnehagen og byrje på skulen. Festen foregår i barnehagen.

- **Sikkerheitsrutinar:**

- *Trafikksikkerheit:* Vestre Slidre er ei «trafikksikker kommune», med eit godt system for trafikksikkerhetsarbeidet. Barnehagane har eigne rutinar for når barna er på tur, som alle er pålagt å følgje. Vi har og ein eigen rutine for parkering, som alle tilsette og føresette skal følgje. Foreldre sikrar barn i bil til og frå barnehagen.
- *Visma flyt barnehage:* Vi loggar inn og ut barna, for å ha oversikt til ein kvar tid.
- *Brannøving:* Vår og haust.
- *FHI-veileder:* Vi foreheld oss til FHI sin veileder og jobbar for å forhindre smitte ved å ha gode rutinar som alle personale og foreldre i lag tek ansvar for.
- *Visuell sjekk av uteområdet:* kvar morgon.
- *Rutine på tur:* Vi fyl rutinebeskriving vi har når barnehagen er på tur.

Informasjonsrutinar:

Informasjon frå barnehagen til føresette vil bli lagt ut fortløpande i «Min Barnehage – foresatt». Dette er eit nettbasert kommunikasjonsverktøy som kan nyttast både av barnehagen og føresette, og her finn de mellom anna informasjon om aktivitetar på avdelinga, planar, nyheitsbrev og beskjedar. Her kan føresette også legge inn beskjedar til barnehagen. Portalen kan lastast ned som App på mobiltelefonen via App Store eller Google Play.

Foreldreråd

Foreldreråd:

Jf. § 4 i barnehagelova skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval for alle barnehagar. Foreldrerådet er alle foreldre/føresette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet i den enkelte barnehage har 6 medlemmar, 2 representantar frå foreldrerådet, 2 representantar frå dei tilsette, 1 valt eigarrepresentant og barnehagens styrar. Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Det er utarbeida eigen rettleiar for dette samarbeidet.

Alle foreldre i barnehagen er automatisk med i foreldrerådet.

Tilvenning i barnehagen

Vi skal legge til rette for god kommunikasjon med foreldre, med fokus på open og ærleg dialog. Vi skal gje barna ein god start i barnehagen, basert på omsorg, kompetanse, trygghet og tid. Kvart enkelt barn får ein primærkontakt når dei startar i barnehagen, som fyljer dei ekstra tett opp den fyrste tida. Personalet skal praktisere rutine vi har for god og trygg tilvenjing. Barn og foreldre skal bli møtt med anerkjennande, støttande og imøtekomande personale

Vennskap og fellesskap

Vi skal støtte og veilede barna til å utvikle venskap og få god relasjonskompetanse.

Barna skal få erfare fellesskap og demokrati gjennom gjensidig respekt og toleranse. Vi skal verne om leiken som pedagogisk reiskap. Dele inn i mindre faste aldersgrupper, ha leikegrupper og tilrettelagte pedagogiske opplegg, ute og inne. Vi skal stimulere til godt samarbeid avdelingane imellom, i tillegg til barnehagane og skulen imellom, spesielt for skuleklubben

Barns medverknad

Vi skal lage planer som er medverkande til at barn opplever meistring og livsglede. Fylje opp barns initiativ, interesser og innspel ut ifrå barns alder, utvikling og modning.

Fokusbarn- der enkeltbarn får medverke i eigen kvardag. Ha planer som utgangspunkt, men også vera open for det spontane. Inkludere foreldre sin medverknad.

Omsorg, leik, læring og danning.

Vi skal gje barna omsorg og trygghet som er ein føresetnad for at barn skal delta i leik. Gjennom leiken vil barna oppleve danning og læring, barna seg imellom, og individuelt. Vi skal legge til rette for meningsfulle og artige aktivitetar. Vi skal gje barna tid, og vaksne skal vera aktivt deltakande gjennom heile dagen. Vi skal styrke enkeltbarnet individuelt, i gruppe, og i ein allsidig og variert kvardag. Ein heilskapleg tilnærming til

barn si utvikling. Humor og livsglede skal ha ein sentral plass. Vi skal bruke uteområdet og naturen som ein naturleg leikearena.

Overgangar

Nye foreldre får informasjon om tilvenning på eige informasjonsmøte. Vi har rutinar som alle i personalet kjenner til og praktiserer, slik at alle overgangar kjennest trygg og naturleg for barn og foreldre. Vi vektlegg god dialog med foreldre. Foreldre får beskjed i god tid før overgangen til ny avdeling, barna er på besøk på den nye avdelinga i lag med kjent personale og får delta i ulike situasjonar. Nye relasjonar oppstår mellom barn-barn og mellom barn-vaksen og personale er særleg merksame på dette. Barnet skal få tid slik at dei opplever tilhøyrse og føler at det er trygt å leike, utforske og lære. Overgang barnehage-skule er det eigen rutine for der barna skal få høve til å gle seg til skulestart.

Livsmeistring og helse

Vi jobbar for at barna skal bli sjølvstendige, robuste barn individuelt og i fellesskap for å kunne stå best mogeleg rusta i heile utdanningsløpet for å kunne tole motgang og medgang. Dette skal skje i god dialog med heimen, då dette er eit felles ansvar. Barns psykososiale miljø og helse skal ha auka fokus, ilag med alle foreldre. Ha fokus på all den meistringa og gode opplevingar barna har ilag med andre som ein reiskap for at barna skal lære å like seg sjølve og bygge opp sin identitet. Vi skal legge til rette for barns trivsel i lag med andre barn og vaksne, som ei fortsetjing for utvikling og progresjon. Vi skal hindre utestenging og krenking. Vi skal ha fokus på verdiar, haldningar og ha ein praksis for eit meir berekraftig samfunn. Vi er trygge og engasjerte vaksne som møter alle barn med anerkjenning og omsorg, er løysingsfokuserte og gler seg saman med dei. Humor og glede skal prege kvardagen.

Samarbeidande instansar

Vi samarbeidar med helsestasjon, der under familieveileder og fysioterapeut. Vidare samarbeider vi med barnevernstenesta, PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), skulen, tannhelsetenesta.

Sjå utfyllande informasjon på heimesida til kommunen;

<https://www.vestre-slidre.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/kven-samarbeider-barnehagen-med/>

Forebyggjande plan er godkjent i kommunestyret. Kommunen har høg kompetanse på å ivareta barnets behov under heile oppvekstløpet, ved å jobbe tverrfagleg. Vi jobbar med å implementere planen i barnehagane og skulen.

Satsingsområde barnehageåret 2025 – 2026

Foreldresamarbeid – trygge og tydelege vaksne

Eit tett og godt foreldresamarbeid er grunnleggande for det viktige samarbeidet mellom heim og barnehage, så lenge barna går i barnehagen.

På orienteringsmøte ved oppstart i barnehagane startar dette samarbeidet, då blir føresette informert om grunnleggande planar og forventningar. Vi har alle ulike roller vi skal fylle, til det beste for det einskilde barn.

For å kvalitetssikre eit godt foreldresamarbeid har barnehagane annakvart år ei foreldreundersøking via UDIR. Det vil bli gjennomført foreldreundersøking hausten 2025.

Mål:

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Barnehagen skal bidra til at foreldre får medverke i barnehagekvardagen. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet trivst og utviklar seg.
- På tross av eventuelle ulike syn mellom heim og barnehage, skal alltid barnets bestevurdering ligge til grunn.

Tiltak:

- Vi skal være profesjonelle og tydelege i møte med foreldre, og ha ein god og open dialog i kvardagen.
- Vi skal vise respekt og interesse for foreldras behov og innspel, og samstundes kunne grunngje våre vurderingar.
- Vi skal utøve relasjonelt mot, og vektlegge barnets stemme.
- Vi involverer foreldre heilt frå start ved bekymringar og ved behov for samarbeid med andre instansar.
- Alle foreldre inviterast til foreldremøte og utviklingssamtale to gonger årleg. Vi legg også til rette for fleire samtalar ved behov, etter ei gjensidig vurdering.
- Vi har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, med minimum 2 møter årleg.


Utviklingsarbeid i barnehagane

Tema: Foreldresamarbeid - Trygge, tydelege vaksne.

Rammeplanen seier at “*Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg*”.

Den gode dialogen og det tette samarbeidet er difor særst viktig for å skapa ein best mogleg barnehagekvardag og legge til rette for ei god utvikling for barna.

Ut i frå tabellen under kan ein sjå kva barnehagane vektlegg og korleis ein i fellesskap arbeidar for å nå målet om trygge tydelege vaksne for barna, samt skape god kvalitet i foreldresamarbeidet.



Årshjul, aktivitetar i barnehagane 2024-2025

Månad:	Aktivitet/hending:	Dato:
August	Tilvenning	Frå veke 34
	Planleggingsdagar	13.08, 14.08, 15.08 2025.
September	Foreldremøte	Innkalling kjem i VFB
	Sikkerheitsveker, brannøving	38
	Fjelltur skuleklubbane i barnehagane	Info kjem i VFB.
November	Planleggingsdag, barnehagen er stengt.	28.11.2025
Desember	Julebord for barna	Info kjem i VFB.
	Julevandring for skuleklubben	"
	Skuleklubben går Luciatog.	"
	Nissefest og førjulsgraut.	"
	Siste barnehagedag før jul.	23.12.2025
Januar	Fyrste barnehagedag etter jul og nyttår.	05.01.2026
	Planleggingsdag, barnehagen er stengt.	02.01.2026
Februar	Utkledningsdag	Info kjem i VFB.
	Overgang bhg - skule: skulebesøk	Rutine overgang bhg-skule
Mars	Ski og akedag	Info kjem i VFB.
April	Påskeferie – barnehagen er stengt	F.o.m. 30.03.2026 t.o.m. 06.04.2026.
	Brannøving	Info kjem i VFB.
	Foreldremøte	Info kjem i VFB.
Mai	Frist for å melde ferie for born i Visma, «Min Barnehage – foresatt».	01.05.2026
Juni	Sumaravslutning, foreldre til skulestartarar arr.	Info kjem i VFB.
	Foreldremøte for skulestartarar, 1.kveld.	"
	Ferieavvikling, barnehagen er stengt veke 29 og 30.	Veke 29 og 30.